



Stig Atle Eide
Orresteinen 27
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4696 - 16/1798

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no


Dato:
22.01.2016

Trong for tilleggsdokumentasjon ved søknad om ferdigattest - gbnr 185/304 Isdal.

Kommunen viser til dokumentasjon mottatt 11.01.2016. Vi forstår dette som dokumentasjon på at tiltaket er ferdigstilt, jf mellombels bruksløyve datert 19.12.2014.

Kommunen har i samband med handsaming av saka vore på synfaring i dag. Vi kan ikkje sjå at det er samsvar mellom godkjende og etablerte tiltak på eigedomen.

Denne saka omhandlar ferdigattest for oppføring av bustad slik teikningane under viser.



I tillegg ser ein av kommunen sitt arkiv at det er godkjend mur mot veg slik vist i situasjonsplanen under. Denne er godkjend i eiga sak, jf vedtak datert 24.03.2010.



Synfaringa viste at det er oppført større terrasse mot sør, mur frå bustaden og til nabogrense i sør og oppmurt rabatt mot grensa mot nord. Før vi gjer vedtak i saka må det gjerast greie tiltaka som er etablert. Vi gjer merksam på at dersom det er utført søknadspliktige tiltak som ikkje er søkt om og godkjend må dette rettast. Dette kan skje ved søknad om endring av tiltak med nødvendig dokumentasjon. Godkjend mur mot veg, slik vist over, er godkjend i eiga sak og vert ikkje omfatta av omsøkte ferdigattest.

Kommunen ber om tilbakemelding skriftleg innan 15.02.2016. Tilbakemeldinga sendast postmottak@lindas.kommune.no.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Stig Atle Eide

Orresteinen 27 5916

ISDALSTØ